


# Turstiar i Hjelmeland

[www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no)



## Nes - Viglesdal

Turen Nes - Hiafossen - Viglesdal går i vakkert og vekslande terren. Løypa er ein del av Stavanger Turistforening sitt rutenett. Turen til Viglesdal tek drygt to timer kvar veg, men det er råd å gjera turen kortare for dei som ikkje vil gå heile løypa. Hiafossen er eit aktuelt turmål.


Vegen til Viglesdal vart bygd som drifteveg i åra 1907-1912. Mange plassar er det råd å sjå merke etter gjennomtenkt byggearbeid.

Frå Nes stig vegen det første stykket oppover. Vidare innover er det heller flat veg. I bakkane ovanfor vegen ligg garden Åse. Denne garden er i drift. Åse har privat veg som tek av frå vegen til Lyngsheia.

Nedanfor Åse går turen forbi fjellryggen som berre ber namnet Rygg. Her er det skilta til ei jettegryte - skurt til av naturkraftene under breen i den siste istida.

Den velkjende Hiafossen er eit vakkert syn. I flaumrike periodar stuper fossen seg vasstung ut over fjellet. Mange går tur til Hiafossen og snur her.

Etter å ha passert ei vakker steinbru mellom Hiavatnet og Viglesdalsvatnet, går løypa gjennom ei steinet ur fram til dei flate böane i Viglesdal. Her budde det folk til kring 1880.



**Sendingsfossen**  
(Foto: Anne Kari Skogerbo)


Stavanger Turistforening har hytte i Viglesdal. Frå Viglesdal går det merka turistløype til Nilsebu.

Dei som vil gjera ein spennande avstikkar frå Nes, kan ta turen til Tverrgjøvle (Tverrjuvet). Dette er ei smal egg med avgrunn til Trodla-Tysdal på eine sida og mot Nes og Årdalsdalføret på den andre. Ei nifs og kitlande oppleveling. Før det kom drifteveg til Viglesdal, måtte sau og storfe passera Tverrgjøvle på veg til og frå heia.

Sving av riksveg 13 ved Tveit for å koma til Nes. Avkjørsla er skilta til Nes, Lyngsheia og Songesand. Turen fram og tilbake frå Nes til Hiafossen tek 1-2 timer. Turen frå Nes til Viglesdal og tilbake att tek 4-5 timer. Høgdeskilnad for turen er ca. 300 meter.



**Viglesdalsvatnet mot Viglesdalbøen**  
(Foto: Anne Kari Skogerbo)



**Viglesdalsbrunå**  
(Foto: Anne Kari Skogerbo)



**Jettegryte på Rygg**  
(Foto: Anne Kari Skogerbo)